

- Stans ein annan plass!

08.12.2008



- Stans ein annan plass, var oppmodinga som fleire foreldre fekk i busslomma måndag morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kampanjen ved Uskedalen skule for større tryggleik i trafikken kom i gang måndag morgon og held fram utover i veka. Rektor Vidar Haugland, Knut Johannes Ripel og Sara Arnesen var i aksjon i busslomma mellom klokka 8 og 8.20 med utdeling av skriv med oppmodingar til foreldra som slapp av barna sine om å stanse ein annan plass.

- Vi ønskjer å oppmoda deg om å stanse ein annan plass, til dømes ved Gamleskulen, dersom det er nødvendig å kjøre eleven, heitte det i skrivet.

Det var underskrive av rektor Haugland, lensmann Sigurd Børve og FAU-leiar Siren Simonnes og hadde ellers dette innhaldet:

'- Alle skal koma seg trygt att og fram til skulen, og vi vil setja fokus på at elevane skal bli sett og at sjåførar tek omsyn. Vi må også gjera kva vi kan for å gjera farlege plassar tryggare. Når du i dag har kjørt eit barn til skulen, har du gjort det i beste meining - for å vera snill mot barnet. Men busslomma som du no har stoppa i, vert lett uoversiktleg og farefull når privatbilar stansar her for å sleppe elevar av. Vi ønskjer biltrafikken vekk frå busslomma på dei tidspunkta då elevane kjem til eller går frå skulen.'

Reaksjonen ihvertfall frå nokre av dei første som stoppa i busslomma denne regntunge morgonen for å sleppa av elevar var at dei kjende til og stilte seg positive til aksjonen, men at dei var ute så tidleg at det ikkje burde skapa noko problem.

Av Ola Matti Mathisen